



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
19/83-8 19/4420
Jarle Lunde

Arkivkode:
K2 - L42

Dato:
21.03.2019

VESLE KJELA KRAFTVERK I VINJE KOMMUNE - UTTALE TIL DETALJPLANER FOR MILJØ OG LANDSKAP, SAMT PLANENDRING I FORHOLD TIL KONSESJONSGITTE FORHOLD

Villreinnemnda viser til vårt brev til Statkraft datert 17.01.19: «Bygging av Vesle Kjela kraftverk – villreinhensyn» (vedlegg i saka). I brevet blir det mellom anna omtalt korleis nemnda stiller seg til anleggstid. Her går det fram at ein i anleggstida må strekke seg langt for å forstyrre villreinen minst mogleg i perioden desember til og med mars. Primært meiner villreinnemnda at anleggsdrifta, inkludert snøbrøyting av anleggsvegen, bør opphevast totalt i denne perioden, men kan sekundært godta drift ein vinter for dermed å kunne korte ned anleggstida.

I «Detaljplan for miljø og Landskap» går det fram at ein vil bruke to vintrar med anleggsdrift. Det blir framheva at det den andre vinteren blir mindre støy enn den første. Nemnda vil poengtere at det ikkje er støy aleine som utgjer ein barriereeffekt for villreintrekk, men ein samla auka aktivitet i området. Nemnda kan derfor ikkje sjå at detaljplanen strekkjer seg langt nok for å ivareta villreinomsyn slik NVE la til grunn i gitt konsesjon.

Når det gjeld ny anleggsveg vil dette vere eit nytt inngrep i området. Om det er naudsynt å byggje vegen vil villreinnemnda rå til at den gamle delen av anleggsvegen som skal erstattast, vert fjerna.

Vennleg helsing

Margit Smeland
leiar

Bertin Bjåen
medlem

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



Kopi til:
Vinje kommune